

2 puljevinnarar, og 5 av 6 lag til A-sluttspel.

30.07.2014



G14-laget jublar over puljesiger etter siger også i tredje kampen.

**Dei unge fotballspelarane våre som deltar i Norway Cup har hatt ein strålende start på turneringa. I går vart det innleiande puljespelet avslutta, og det resulterte i at heile 5 av dei 6 laga gjekk til A-sluttspel. For å kvalifisera seg til A-sluttspel må dei vera blant dei to beste i si pulje.**

G16-1 og G14-laget vart til og med puljevinnarar. G14 var sin tredje strake siger då dei vann 1 - 0 over Korsvoll. G16-1 laget opplevde at mostandaren kom 25 minutt for seint. Då var dommararen gått, og sekretariatet hadde tilkjent dei sigeren. Gutane hadde lyst å spele kampen, og dermed vart løysinga vennskapskamp. Ein fin måte å løyse det på for begge partar.

I dag startar altså sluttspelet, og kampane vert spela etter denne speleplanen:

Kl. 09:00: J15/16: B-sluttspel 1/32-delsfinale: Rosendal – Jenakerjentene på bane E-16

Kl. 10:50: G13: A-sluttspel 1/16-delsfinale: Rosendal/Uskedal – Goussainville (Frankrike) E17

Kl. 15:30: Junior: A-sluttspel 1/32-delsfinale: Rosendal/Trio/Halsnøy – Holmlia Bane 3 (TV 2 Sportskanalen/TV2 Sumo)

Kl. 17:30: G16-1: A-sluttspel 1/16-delsfinale: Rosendal/Uskedal 1 - Castelano Bistrita (Romania) E17

Kl. 18:25: G16-2: A-sluttspel 1/16-delsfinale: Rosendal/Uskedal 2 – Fyllingen 2 E14

Kl. 19:20: G14: A-sluttspel 1/16-delsfinale: Rosendal/Uskedal – Pace 2 (England) E16

Juniorkampen vert altså vist direkte på TV2 Sportskanalen kl. 15.30. Utviklinga i dei resterande kampane kan vi følgje på dei gode live-oppdateringane på Rosendal Turnlag sine facebook-sider, <https://www.facebook.com/pages/Rosendal-Turnlag/153027638086804?fref=ts>

Vi seier lukke til og kjem til å følgja spent med!



[Juniorlaget spelar TV-kamp kl. 15.30](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kjell Erik Taranger og Il Trio.